



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL



TILSKOT TIL AVLØYSNING VED SJUKDOM OG FØDSEL MV.

ENDRINGAR ETTER
NYTT REGELVERK
FRA OG MED 2015



SØKNADSSKJEMA

- ▶ Skal passe for søknad på alle moglege grunnlag i § 4 tom § 7.
- ▶ Ikkje lenger felt for avløyserlaget sitt kontonummer eller fullmakt til avløserlaget
- ▶ Baksiden gjev mellom anna informasjon om:
 - Kven som kan søkje
 - Kva som gjev rett til tilskot
 - Korleis søkje
 - Kva regelverk som er aktuelt og kor ein finn det
 - Kva dokumentasjon som skal følgje søknaden
 - Søknadsfrist
 - Pliktar som søkjer av tilskot
 - Forvaltninga sin adgang til å kontrollere
 - Avkorting, at tilskotsbedrageri er straffbart
 - At ein kan ta kontakt med kommunen for ytterlegare veiledning

SAKSBEHANDLINGSBLANKETT

- ▶ Har egne felt for søknader på alle grunnlag, dvs § 4 tom § 7.
- ▶ «Tvinger» kommunen til å vurdere all dokumentasjon og alle vilkår.
- ▶ Gir plass til merknader der kommunen må gjøre sjølvstendige vurderingar
- ▶ Gir plass for berekning av fleire delperiodar ved varierende sykmeldingsgrad
- ▶ Gir Fylkesmannen nødvendige opplysningar for registrering i Saturn

ENDRINGAR I REGELVERKET FOR SJUKDOMSAVLØYSING RELEVANTE DOKUMENTAR

- Ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.
Revidert teknisk jordbruksavtale 2014- 2015
(19.desember 2014)
- Nytt rundskriv 2015-07 (22. januar 2015)
- Jordbruksavtalen 2015-2016 (22.juni 2015)
- Endringsforskrift (30. juni 2015)
- Nytt rundskriv 2015-33 (erstatte 2015 – 07)
Nytt søknadsskjema (LDIR 151)
Ny saksbehandlingsblankett (LDIR 152)
(21. august 2015)

OVERORDNA OM ENDRINGANE

► Meir rendyrka struktur:

- vilkår i forskrifta
- satsar og berekningsreglar i jordbruksavtalen

Nokre dispensasjonsadganger fall vekk – førte til at kommunen i stede for FM nå må ta stilling til spørsmål om utvida onnetid og om/korleis tilskotsgrunnlaget skal fastsetjast der dette ikkje forelå per 1. januar.

► Forskriftsfesting av eksisterande praksis:

- vilkår om næringsinntekt på minst ½ G i dei to siste åra føretaket har fått skatteoppgjer for pr. 1. januar i avløysaråret
- eingongsstønad ved fødsel gjev og grunnlag for tilskot til avløysing
- deltaking på opplæring for å kunne ta seg av kronisk sjukt barn gjev grunnlag for tilskot

► Endringar av fleire materielle reglar både generelle og årsaksavhengige vilkår

§ 1 FØREMÅL

- ▶ Tilskotet skal medverke til å dekkje kostandane til avløyning til avløyning ved:
 - sjukdom
 - svangerskap
 - fødsel, adopsjon eller omsorgsovertakelse
 - barn sin sjukdom
 - dødsfall
- ▶ Altså bestemte situasjonar der jordbrukaren ikkje har moglegheit til å utføre det arbeide vedkomande til vanleg utføre for å holde drifta i føretaket i gang.
- ▶ Jordbruksavtalen: Honning og planteprodusentar får berre tilskot til avløyning i onnetida (15. april – 1. okt.)

Nytt: Kommuen vurderar (og begrunner i saken) om perioder utenfor dette tidsrommet og skal reknast for «onnetid»

§ 2 FORHOLDET TIL JORDBRUKSOPPGJERET

- ▶ Tilskotet vert utrekna med grunnlag i føresegnar av satsar, definisjonar, utmålingsreglar m.v. fastsett i jordbruksoppgjeret, jf. tabellane 9.1, 9.2 og 9.3

- ▶ Berekningsreglane i jordbruksavtalen:
Tilskotet skal setjast til det minste av flg. to altern:
 - føretakets dagsats etter tabell 9.3
 - maksimal dagsats for ordninga med fratrekk av inntektene den avløyste kan få i perioden det søkjast for (med unntak av næringsinntekt)

 - Dagsatsen blir redusert forholdsmessig ved graderte ytelsar frå NAV
 - Det vert kun gjeve eit tilskot pr. verksemd for same periode
 - Ein person sin sjukdom mv. kan berre gje grunnlag for tilskot til ei verksemd i ein og same periode.

§ 3 GENERELLE VILKÅR

- ▶ Føretaket må være registrert i Enhetsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon
- ▶ Personen som har blitt avløyst må ha hatt gjennomsnittleg minst $\frac{1}{2}$ G i næringsinntekt fra føretakets jordbruks- eller gartnerverksemd dei to siste åra føretaket har fått skatteoppgjer for pr. 1. januar i avløysarsåret
- ▶ Det blir bare gitt tilskot til å dekkje dokumenterte utgifter til avløysning
- ▶ Avløysaren kan ikkje
 - ha næringsinntekt frå føretaket
 - være gift/samboar med nokon med slik inntekt
 - være under 15 år

§ 4 TILSKOT VED SJUKDOM

- ▶ Den avløyste må være sjukemeldt frå arbeid i føretaket
Dei som mottok AAP er å rekne for «sjukemeldt» så lengje det er sjukdom eller skade som er årsaka til at dei får stønaden.
Mottakarar av 100 % uføretrygd skal ikkje bli sett på som sjukemeldte og det kan ikkje bli gjeve tilskot til avløyning av desse.
- ▶ Den avløyste må være yngre enn 70 år då avløysinga fann stad
Gjeld ikkje avløyning som vart gjort mellom 1.1. og 30.6.2015
- ▶ Tilskot til avløyning av ein og same person pga. dens sjukdom/skade vert stoppa når det er utbet tilskot for til saman 365 dagar dei tre siste åra.
Sjukemeldingsperioden det ikkje søkjast tilskot for vert med det ikkje lenger med i teljing av dagar.
- ▶ Etter 26 samanhengande veker som det ikkje utbetalast tilskot for startar teljinga av dagar alltid på nytt.

Eksempler 365 dagers regelen:

- 1) Jordbrukeren er sykmeldt i 14 dager fra torsdag 10. desember til og med onsdag 23. desember og søker tilskudd til avløsning for denne perioden. Avløseren har ikke jobbet i helgene fordi da kunne familie av jordbrukeren steppe inn. Helgedagene skal likevel telle med ved beregningen av maksimalt tilskudd for de to ukene og ved tellingen av antall dager det er utbetalt tilskudd for. Det vil si at det beregnes og utbetales tilskudd for 14 hele dager (selvsagt begrenset av størrelsen på de dokumenterte utgiftene).
- 2) La oss si at jordbrukeren i stedet var sykmeldt i 21 dager fra torsdag 10. desember til og med onsdag 30. desember. I likhet med i helgene har familie av jordbrukeren steppet inn i juleferien. Jordbrukeren hadde derfor ikke utgifter til avløser i julen. Da kan foretaket søke om avløser bare for de to første ukene. De dagene jordbrukeren var sykmeldt den tredje uken blir det følgelig ikke beregnet eller utbetalt tilskudd for og de teller ikke med når man skal se om grensen på 365 dager blir nådd.

§ 5 TILSKOT VED SVANGERSKAP, FØDSEL, ADOPSJON OG OMSORGSOVERTAKING AV BARN

► Første ledd:

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for er gravid og tek i mot svangerskapspengar

► Andre ledd:

Det kan gjevast tilskot når den det vert søkt tilskot for tek i mot foreldrepengar eller eingongsstønad

- opp til NAV å vite kor lengje den enkelte kan motta foreldrepengar

- ikkje lenger eit krav om at mottakar av eingongsstønad har arbeidd 6 av dei siste 10 månadane før fødsel

► Tredje ledd:

Det kan gjevst tilskot til avløyning av far for inntil 14 dagar «i samband med fødselen»

- må bu saman med barnet si mor

- kan gjevast for avløyning i perioden 14 dagar før fødsel til 14 dagar etter at mor har komme heim frå sjukehus

- ikkje lenger krav om at dagane er samanhengjande

Når adoptiv-/forsterforeldre overtek omsorg kan det og gjevast tilskot

(ikkje ved stebarnsadopsjon eller dersom barnet er eldre enn 15 år)

§ 6 TILSKOT VED SJUKDOM HOS BARN

► Første ledd:

Det kan gjevast tilskot ved følgje av barn til legeundersøkelse eller anna oppfølging i høve med sjukdom/skade.

Ikkje lenger krav om at undersøkinga skjer på sjukehus eller hos spesialist.

Tilskot kan gjevast til og med det kalenderåret barnet blir 12 år.

► Andre ledd:

Det kan gjevast tilskot til avløysing av personar med barn som er kronisk/langvarig sjuke eller som har nedsatt funksjonsevne

Barnet sin lidning/tilstand må medføre ein markant økning i risikoen for at foreldra får auka fråvær frå arbeidet

Tilskot kan gjevast til og med det kalenderåret barnet blir 18 år.

► Tredje ledd:

Tilskot kan gjevast for inntil 20 dagar for kvar av foreldrane.

For einslege foreldre kan tilskot gjevast for inntil 40 dagar per år.

§ 6 ANDRE LEDD - ANDRE AKTUELLE TILSTANDAR

Betydelige hjertesykdommer

Kreftsykdommer

Betydelige hjerneskader (for eksempel cerebral parese, epilepsi, psykisk utviklingshemming, degenerative hjernesykdommer)

Betydelige lammelser

Muskeldystrofier og annen alvorlig muskelsykdom

Diabetes mellitus, Føllings sykdom og andre alvorlige metabolske sykdommer

Autisme og andre barnepsykoser

Kronisk nyresykdom

Residiverende urinveisinfeksjoner

Kroniske anemier

Kronisk blødersykdom

Immundefekter

Kronisk leversykdom

Leddgikt og andre kroniske revmatiske sykdommer

Lupus erythematosus disseminatus

Astma og annen kronisk lungesykdom

Osteogenesis imperfecta og andre skjelettsykdommer med betydelige funksjonshemninger

Blinde og svaksynte barn

Døve og sterkt tunghørte barn

Cystisk fibrose

Ulcerøs kolitt

Crohns sykdom

Coeliaki i aktiv fase

Addisons sykdom

Cushings sykdom

Alvorlige medfødte misdannelser. Andre betydelige kroniske sykdommer og funksjonshemninger enn de som er nevnt ovenfor.

§ 7 TILSKOT VED DØDSFALL

Same materielle reglar som etter den gamle forskrifta:

- ▶ Gjenlevande ektefelle/samboar, barn eller foreldre etter avdød jordbrukar kan få tilskot til avløyning
- ▶ Avdøde må ha - dreve eit føretak med vanlig jordbruksproduksjon
 - hatt ein gjennomsnittleg næringsinntekt på min 1/2 G dei to siste inntektsåra føretaket hadde fått skatteoppgjer for, pr. 1. januar i dødsåret
- ▶ Tilskudd kan bli gjeve for avløyning inntil 8 veker etter dødsfallet
- ▶ Det er ikkje den gjenlevande som avløyses
 - ingen krav til dennes tidlegare involvering i føretaket
 - ingen frådrag for vedkomande si inntekt ved berekning av tilskotet.

§ 8 SØKNAD

- ▶ Foretak som søker tilskot må nytte søknadsskjema fastsatt av Landbruksdirektoratet.
Også etterlatte må nytte skjemaet.
- ▶ Søknadsfristen er 3 måneder etter siste dag i perioden avløyninga fant stad.
- ▶ Dersom heile perioden er lenger enn to månader kan det søkjast om delutbetalingar.
«Heile perioden» refererer til årsaka til at det er behov for avløyning, dvs. hele sjukemeldingsperioden, foreldrepengeperioden mv.
- ▶ Det totale tilskuddsbeløpet skal bli det same anten det blir søkt kun i etterkant eller om delutbetalingar. Ved å gjere ein korrigerande sluttutbetaling når heile den samanhengande avløyingsperioden er avslutta.
- ▶ Tilskotet kan ikkje overdragast til eie eller pant:
Tilskotet kan ikkje utbetalast direkte til avløysarlaga

§ 9 – ADMINISTRASJON, DISP OG KLAGE

- ▶ Kommunen behandlar søknader og fatter vedtak om tilskot
- ▶ Fylkesmannen behandlar klagar over kommunen sitt vedtak
søknadar om dispensasjon frå vilkåra
- ▶ Landbruksdirektoratet administrerer tilskuddsordninga
behandlar klagar over FM sine vedtak i
dispensasjonssaker
- ▶ Dispensasjon kan, i særlege høve, gis fra § 3 andre ledd
§ 4 tom § 7
§ 8 andre ledd

§ 10 – FØRSTE LEDD - OPPLYSNINGSPLIKT

- ▶ Søkjer pliktar å gje alle opplysningar som landbruksforvaltninga finn nødvendige for å kunne forvalte ordninga.
- ▶ Opplysningane må kunne dokumenterast – søkjer plikt å skaffe dokumentasjon
- ▶ Dokumentasjon søkjer må sende kommunen:

I alle saker:

- Dokumentasjon for utgifter til avløyning i perioden (som viser hvilke tenestar som er utført, når og av kven.
- Dokumentasjon for at avløyste har minst ½ G i næringsinntekt fra føretakets si jordbruks- eller gartnerivirksomhet. Det vil si kopi av utskrift av likningen for de i to siste åra vedkomande hadde fått skatteoppgjer for per 1. januar i avløyingsåret.

Avhengig av årsak til avløyninga:

- Sjukemelding
- Erklæring fra lege/behandlingsstad
- Dokumentasjon for vedtak om stønad frå NAV: Svangerskaps pengar, foreldrepengar, engangsstønad ved fødsel
- Fødselsattest/bekreftelse på omsorgsovertaking
- Dødsattest, attest frå folkeregisteret
- Dokumentasjon for inntektane den avløyste hadde (eller kunne hatt) i avløyingsperioden:
F.eks. utskrift fra «Dine utbetalinger» på nav.no, lønsslipp, oppgåve over møtegodtgjersle eller honorar for verv.
Dersom den avløyste kunne ha fått stønad fra NAV i avløyingsperioden må det dokumenterast kor mykje dette ville utgjere sjølv om vedkomande av en eller annen grunn ikkje har søkt slik stønad

- ▶ Dersom landbruksforvaltninga finn det nødvendig, f.eks. «innhaldslause» faktura eller legeerklæring/sjukmelding, pliktar søkjer å gje dokumentasjon utover det overnemnde

§ 10 ANDRE LEDD - KONTROLL

- ▶ Landbruksforvaltninga kontrollerer at utbetaling av tilskot er korrekt
- ▶ Kan kontrollere både før utbetaling, i samband med søknadsbehandling, og etter utbetalinga av tilskotet (stikkprøvekontroll og ved mistanke)
- ▶ Der kommunen ikkje er kjend med/vet at føretaket som har utstedt faktura driv med avløyningstjenester må det krevjast dokumentasjon for betaling.
- ▶ Også heimel for stadleg kontroll

§ 11 og 12 - AVKORTING

- ▶ § 11 Avkorting ved regelverksbrot – brot på anna regelverk for jordbruksdrift
- ▶ § 12 Avkorting ved feil opplysningar, f.eks. gitt opp for mange dyr
 - gitt opp for lang sjukemeldingsperiode
 - var ikkje egentleg sjuk
 - har ikkje hatt utgifter til avløyning
- ▶ § 12 Avkorting hvis føretaket ikkje følgjer fristar gitt i høve kontroll
- ▶ Kommunen må alltid vurdere om det skal gjerast avkorting når det uaktsomt eller forsetteleg er dreve i strid med regelverket eller gitt feil opplysningar som kunne gitt grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot.

§ 13 – TILBAKEBETALING OG RENTER

- ▶ Som for Produksjonstilskot
- ▶ Hovedregel – feil skal rettast opp: Kommunen skal i utgangspunktet alltid krevje tilbake for mykje utbetalt tilskot
- ▶ Kommunen kan unnlate å krevje tilbake feilutbetalt tilskot dersom det er motteke i aktsom god tru av søker og det etter ein heilhetleg vurdering av omstende i saka og hensynet til rimelegheit står fram som det rette
- ▶ Søker pliktar å setje seg inn i regelverket for ordninga.
Det skal mykje til for at aktsom god tru føreligg hjå en profesjonell part
- ▶ Ved feilutbetaling til nærstående etterlatt må eventuelt krav om tilbakebetaling byggje på læren om condito indebiti

§ 13 – FORTS.

- ▶ Både feil/for mykje utbetalt tilskot og tilskot som i utgangspunktet var korrekt berekna, men som etterpå er vedtatt avkorta jf. §§ 11 og 12, kan krevjast tilbakebetalt.
- ▶ Rentar krevjast når kravet ikkje vert innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan rentar krevjast frå då utbetalinga skjedde
- ▶ Renta blir fastsatt med heimel i forsinkelsesrenteloven.
- ▶ Feil utbetalt tilskot og avkortingsbeløp kan motreknast i senare tilskotsutbetalingar til føretaket.
- ▶ Krav fra det offentlege som spring ut av føretakets jordbruksverksemd kan motreknast i tilskotet.



UTREKNING AV TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJUKDOM OG FØDSEL MV.

DAGSATS – TABELLENE I JBA

- ▶ Dei fem ulike dagsatsane kjem fram av tabell 9.3 i Jordbruksavtalen (JBA) (tab 9.2 honning og planteproducentar)
- ▶ Dagsatsen er avhengig av type og storleik på produksjonen
- ▶ Samla grunnlag på minimum 5000 kroner krevjast for at det kan gjevast tilskot til avløsning ved sjukdom
- ▶ Ved gradert sjukmelding, graderte svangerskapspengar, 80 % dekningsgrad eller gradert uttak av foreldrepengar må dagsatsen graderast etter det.

FRADRAG FOR INNTEKT

- Det skal gjerast fradrag for inntekter den avløyste har eller kunne hatt i søknadsperioden (med unntak for næringsinntekt)

Aktuelle inntekter: Lønn, sjukepengar, AAP, A-trygd, uførestønad, alderspensjon, uførepensjon fra f.eks KLP eller SPK, foreldrepengar, eingongsstønad v. fødsel, godtgjersle for tapt arbeidsfortjeneste, møtegodtgjersle, honorar for styreverv

- Inntektane må omreknast til dagsats for sju-dagers veke
- Inntekter pr. dag trekkjast fra maksimal dagsats for ordninga (heil eller gradert)

BEREKNING AV MAKS TILSKOT FOR SØKNADSPERIODEN

► Det laveste beløpet av

- føretaket sin dagsats på grunnlag av tabell 9.3, og
- maksimal dagsats for ordninga med trekk av aktuelle inntekter

skal leggjast til grunn ved berekningen av maksimalt tilskot for perioden

► Til utbetaling: Det lågaste beløpet av maksimalt tilskot for perioden, og dokumenterte utgifter til avløyning i perioden